

Indre Hordaland Miljøverk IKS (IHM) er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Ullensvang, Ulvik og Voss. Selskapet arbeider med avfalls-løysingar for abonnentar og kundar; innsamling, tilrettelegging av sorteringsordningar, gjenvinning, energiutnytting og sluttbehandling av avfall. Me samarbeidar òg med aktuelle aktørar for å vidareutvikle dei naturlege ressursane i regionen. IHM er sertifisert etter ISO-9001/14001 og OHSAS-18001.

Sjåfør 100% fast stilling

IHM har ledig fast stilling som sjåfør med tilsetjing snarast eller etter avtale. Arbeidet vil i hovudsak vere på komprimatorbil.

Arbeidsoppgåver:

- Innsamling av avfall frå hushald, fritidsbustader og verksemdar i IHM-kommunane
- Utføre dagleg bilvedlikehald og ettersyn
- Andre oppgåver etter nærare avtale

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- Førarkort klasse C
- Kompetansebevis for yrkessjåførar
- Relevant erfaring frå transportbransjen
- God risikoforståing og ansvarskjensle
- Serviceinnstilt og god til å kommunisere
- Fleksibel og evne til godt samarbeid
- Norsk munnleg og skriftleg

Du vil inngå i sjåførgruppa og arbeide etter arbeidsplan. For oss er avfall ein viktig ressurs, og me ynskjer søkjarar med eit overordna miljøperspektiv. Me tilbyr eit godt arbeidsmiljø i ein spanande og framtidretta bransje.

Du vil få gode løns- og pensjonsordningar.

Base for arbeidet vil vere IHM sitt avfallsanlegg på Voss.

For nærare informasjon om stillinga, ta gjerne kontakt med transportkoordinator Ole Rune Røkenes på tlf. 911 24 606.

Søknad med attestar og vitnemål sender du til: ihm@ihm.no, eller til Indre Hordaland Miljøverk IKS, postboks 161, 5701 Voss innan 11.03.19. Merk søknad «Sjåfør-fast stilling»